# REVISJON AV SAMARBEIDSAVTALEN 2025

| | |
|---|---|
| **REFERAT** | **FORHANDLINGSUTVALET** |
| **Møteleiar** | **Stian Endresen** |
| **Referent** | **Oddvar Marøy** |
| **Møtenummer** | **5/2023** |
| **Dato** | **13.09.2023 kl 12.00** |
| **Stad** | **Teams** |

| Organisasjon | Medlemar | Møtt |
|---|---|---|
| Helse MR HF | Kjetil Lundberg – HR-sjef<br>Jan Rino Austdal - advokat<br>Eli Otterlei - samhandlingssjef<br>Trude Gudbrandsen Solenes - kvalitetsrådgjevar | <br>X<br>X<br>X |
| Kommunane i M&R | Kjetil Leirbekk – kommunalsjef Averøy kommune<br>Cato Innerdal – kommuneoverlege Molde kommune<br>Guri Hasund Reiten – advokat Ålesund kommune<br>Ragnhild Aarflot Kalland – leiar forvaltningskontor Volda kommune | x<br>x<br>x<br>x |
| Brukarrepresentantar | Paula Næss Skår - brukarrepresentant HMR<br>Eilin Reinaas – brukarrepresentant kommuner (taems) | X |
| Praksiskonsulent | Stian Endresen - praksiskonsulent | |
| KS-representantt | Marianne Aasen KD-nettverket | |
| Sekreteriat | Karethe Kristoffersen Aam – Helse MR HF<br>Oddvar Marøy - Samhandlingskooordinator søre Sunnmøre | X<br>X |
| Andre | Bodil Våge – leiar fagutval<br>Ole Johannes Lorvik – medlem fagutval | X<br>X |

**SAKSLISTE**

| Sak nr | Sak |
|---|---|
| 33/23 | Godkjenning av innkalling<br>Eventueltsaker<br>- Vurdering om Barn og unge skalha eigen delavtale<br>- Gjennomgang av utsendt hovudavtale<br>- Brukarinvolvering ved utarbeid av samarbeidsavtalen<br>Godkjenning av referat frå møte 24-25/8-2023- Referatet vert å ta igjen referatet etter at partane har fått høve til å kome med innspel. Vert teke opp til godkjenning på neste møte.<br>Utkast hovudavtalen er sendt ut slik forhandlingsutvalet ba om. |
| 34/23 | Delavtale 2 Samarbeid om kunnskapsoverføring, forsking og utdanning og praksiskonsulentordninga.<br>Bodil Våge presenterer framlegg frå utvalet.<br>Utvalet har slitt med representasjon og leiing, noko som har prega kontinuiteten. |

| | |
|---|---|
| | Handlingsplan for utvalet godkjent i SSU i juni 2023<br>Bodil Våge presenterer utsendt framlegg frå utvalet<br>Utvalet sitt ansvarsområde spenner vidt og er vanskeleg å operasjonalisere på ein god måte. Gjeldande delavtale er knytt særskilt til dette samarbeidsutvalet.<br>Samarbeidsutvalet tilrår at oppgåver her vert overført eller implementert i andre samarbeidsutval, medan tema retta mot utdanning og forsking vert overført til lokalt samarbeidsorgan (LSO) som er eit parallellt utval. Kan dette utvalet verte inkludert som del av helsefelleskapet på nokon måte? Ein føresetnad må då vere å sikre kommunal deltaking i dette utvalet.<br>Utvalet ber om at ansvarsområdet vert vurdert implementert andre stader i samarbeidsavtalen.<br>Ansvar for delar av mandatet er ulikt mellom kommune og helseføretak.<br>Spørsmål:<br>- Det er ikkje det gjort konkret avsjekk i forhold til veilederen på dette området.<br>- Intensjonelle formuleringar, korleis konkretisere desse for å ta ut gevinster?<br>- Fører samarbeidsavtalen til større grad av forsking? Har avtalen medført endring eller resultat ?<br>-<br>Samarbeidsområdet er komplekst og inkluderer aktørar utanfor helsefellesskapet.<br><br>Er det rett å ha eit eige utval eller bør oppdraget overførast eller implementerast til andre delavtalar.<br><br>Drøfting i forhandlingsutvalet<br>Mange gode intensjonar i delavtalen men lite operasjonellt med konkrete tiltak.<br>Kan innhaldet i delavtalen delast opp i emner som kan gje betre oversikt ?<br>Frå utvalet er fleire også medlem i LSO.<br><br>PAUSE<br><br>Gjennomgang delavtale 2. Framlegg til endringar. Karethe justerer i avtalen.<br>2.1 Formål og verkeområde<br>Praksiskonsulentordninga får endra namn.<br><br>2.2 Informasjonsutveksling, rettleiing og kunnskapsoverføring<br>Manglar konkretisering av partane sitt ansvar som er ulikt.<br>Krev grundigare gjennomgang, gjerne i fellesskap mellom utvalde deltakarer, eller kan avtalen i hovudsak vidareførast ? Semje om å ta utgangspunkt i avtalen slik den ligg føre og gjere endringar som er nødvendige.<br>Nyttar utkast til korrigeringar frå Lena Waage.<br><br>2.3 Samarbeid om forsking, innovasjon, utdanning og kompetanseutvikling<br>Utfordrar Guri til å kome med konkret forslag om å spesifisere plikter og ansvar for begge helsenivåa, som innleiing til dette punktet. Sjå avtaletekst frå UNN.<br>Kan det vere hensiktsmessig å dele dette punktet?<br>Teksta frå UNN dekker i stor grad tidlegare punkt i delavtale 2.2.<br>Forslag om å ta inn formulering frå Helsefellesskapet om gjensidig samarbeid om utdanning og rekruttering til tenester i både kommunane og helseføretaket. |

| | |
|---|---|
| | Trøndelag har her god formulering i sin avtale som kan takast med. Må då vurdere å ta ut det som vert av overlappande tekst.<br>Ved evaluering og gjennomgang vert enkelte punkt teke ut. Ikkje alle punkta gir meining som er forståelege eller vert innhaldsmessig dekka i ny innleiing til avsnittet.<br>Nytt punkt 2.3.i) felles ansvar for rekruttering til Møre og Romsdal.<br><br>2.4 Praksiskonsulentordninga / samarbeidsordninga mellom spesialisthelsetenesta og kommunal legetenesta.<br>Praksiskonsulentane vert heretter kalla «samhandlingslege»<br>Med desse presiseringane beheld ein avtaleteksten. |
| 35/23 | Eventuellsak:<br>**Delavtale for barn og unge**<br>Ikkje budd på å ta stilling til dette.<br>Fagområdet betinger samarbeid med andre sektorar<br>6.2 i helse og omsorgstenestelova seier noko om krav<br>Veileder peiker på barn og unge sine rettar<br>Kvar av partane vurderer dette kvar for seg.<br>Kan vising til utvala sine handlingsplanar/tiltaksplan vere dekkande gjennom hovudavtalen?<br><br>Tilsvarande gjeld plan for samarbeid og utvikling pkt 12.<br>Felles handlingsplan i hovudavtaleteksta kan truleg dekke dette ?<br><br>**Gjennomgang av utsendt hovudavtale**, vert å ta igjen på neste møte.<br><br>**Brukarinvolvering ved utarbeid av samarbeidsavtalen**<br>Påminning om å bruke brukarrepresentantane meir aktivt. |
| | Karethe og Oddvar går gjennom endringsforslaga og sender ut til forhandlingsutvalet<br>Viktig at forhandlingsutvalet les gjennom endringsforslaga som blir sendt ut.<br><br>Neste delavtale skal takast opp i møte 27.09.2023 |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |
| | |